



Hardangerrådet iks



Hardanger

NYTTÅR 2020/2021.

Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med.

Regionrådet 2019-2023

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap som i 2020 var eigd av kommunane /herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og eit mål er å gje enkeltkommunane ei sterkare stemme inn mot myndigheiter i stat og fylke. Rådsordførar (i sitt 2. år) er Torgeir Næss, Kvam herad. Rådsvaraordførar er Roald Aga Haug, Ullensvang kommune. Styreleiar er Toralv Mikkelsen. Leiar i rådmannsforum er Anita Hesthamar, Kvam herad.

Korona har prega kvardagen for alle i 2020. Dagsorden har ofte vorte endra og møter har vorte digitale. Hordalandsbenken sin busstur gjennom heile Hardanger måtte utsetjast, og resultatet vart eit heildagsmøte i Bergen for alle Hardangerkommunane med våre saker på dagsorden.

Andre viktige saker i rådet har mellom anna vore ny strategiplan, uttalelse til ny NTP 2022-2033, fellesmøte med Sogn Regionråd, fellesmøte med NIBIO Ullensvang forskning/kommunane/næring og regionrådssamarbeid i heile Vestland fylke.




Representantskapet i Hardangerrådet 2020: f.v Hans-Erik Ringkjøb Voss herad, Hans Petter Thorbjørnsen Ulvik herad, Roald Aga Haug Ullensvang kommune, Torgeir Næss Kvam herad, Anders Vatle Eidfjord kommune



Aktivitet og prosjekt i 2020



Hardangerrådet i møte med Hordalandsbenken i Bergen 28.09.2020



Regionråda si rolle i Vestland fylkeskommune

Dialogen mellom Vestland fylkeskommune og regionråda i fylket har i 2020 vore prega av at den nye fylkeskommunen ikkje har fått på plass grunnlaget for korleis samhandlinga skal fungera i framtida. Det er eit stort arbeid å samordna rutinar, prosessar og avtaleverk når 2 fylkeskommunar skal verta til ein.

Såleis har året 2020 vore prega av at mange brikker skal falla på plass og avklaringar omkring regionråda si rolle har latt venta på seg. Dei 7 regionråda i fylket har teke eit samla initiativ overfor fylkesordførar og fylkesrådmann for å få reetablert møteplassar og forum som gjennom åra har vore sentrale i utviklingsoppgåvene der vi gjennom ei årrekke har samhandla med fylkeskommunen.



Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger


Rådmannsforum i Hardanger arbeider med felles utfordringar og problemløysingar innan dei kommunale tenestene. I ei tid med koronarestriksjonar og kommunesamanslåing har den interne aktiviteten i kommunane vore prega av dette. Aktiviteten i rådmannsforum har difor i 2020 vore noko lågare enn normalt.

Alle kommunane i Hardanger deltek i interkommunale samarbeid, i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Nokre av områda det no er samarbeid på er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøpsordning, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Skulefagleg rettleiing, Revisjon, Renovasjon, Vassområde, Legevaktordningar og ØH-senger, m.m.

Aktivitet og prosjekt i 2020



Hardanger og Voss Ungdomsråd



Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) har hatt 7 rådsmøter, 4 fysiske møter og 3 digitale. Leiar i 2020 var Håvard Botnen, Kvam ungdomsråd og nestleiar Marcelius C.Prestegard, Voss ungdomsråd.

Viktige saker i 2020 har vore:

- Å planlegga og gjennomføra Hardanger Ungdomsting
- Å planlegga og gjennomføra Temadag: "Helsesista kjem digitalt i klassen din"
- Planlegging av spørjeundersøking. Ikkje gjennomført endå

Hardanger Ungdomsting 2020 09.03.2020 - rett før nedstenging av landet.

Tema: Psykisk helse. Tilstand og tilbud i Hardanger.

[Innkalling - Møtereferat](#)



Foto: Eivind L. Djøanne

Aktivitet og prosjekt i 2020



Hardanger Kulturråd

Hardanger kulturråd, eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane. Rådet har hatt 2 møter i 2020. Korona har slått hardt ned på kulturen. Kommunesamanslåing og no ny kommunestruktur har medverka til få møter og det er endring i korleis kommunane arbeider med kultur. Leiar i Hardanger kulturråd er Lisbeth Bygstad Celik, kultursjef i Eidfjord Regionalt kulturfond Hardanger på 100 000 vart tildelt ordninga Hardanger Berlin, for å berga husveret.



Team Hardanger

Team Hardanger (TH) er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringsdagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har i 2020 vore leia av Jan Tjosås, næringsjef i Kvam herad. TH er koordinert av Hardangerrådet iks og har hatt 4 vanlege møter.

Viktige saker utanom å handtera korona i 2020:

- Programansvarlege for Hardangtinget - Tema: Besøksforvaltning
- Internasjonalisering - felles prosjekt for Hardanger
- Case Hardanger- nytt forskingsprosjekt. Smart innovasjon og nye nettverk.
- Samarbeidsarena Hardanger-Voss. Kompetanse og utdanning.

KORONA:

Team Hardanger vart ein viktig møteplass(digital) når korona kom og landet stengte ned. Dei hadde fast møte ca annakvar veke.

Alle delte på kunnskap og hjelpte kvarandre. Gode erfaringar vart delt og overført. Blandt anna vart det delt på grunnlag for spørjeundersøkingar, der resultat vart viktig for planlegging og gjennomføring av målretta tiltak. Dette viste kor viktig og nyttig samarbeid er og kan vera.



Samarbeidsarena Hardanger-Voss



Vestland
fylkeskommune

Hardangerrådet er leiar av arbeidsgruppa [“Samarbeidsarena Hardanger-Voss”](#) på vegne av VLFK. Denne er ei av fem regionale arbeidsgrupper som ser på regionale behov for:

- Ny kompetanse
- Dimensjonering av utdanningstilboda
- Karriererettleiing
- Vidare- og etterutdanning

Desse arbeidsgruppene er eit samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Team Hardanger er også representert.

Målet for samarbeidet er at partane i fellesskap skal leggja til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet og finna løysingar på korleis desse skal fyllast. Partane skal setja framtidens kompetansebehov på dagsorden.

Aktivitet og prosjekt i 2020

Alt er i endring, f.eks må rigide utdanningssystem verta meir fleksible, og me må heile tida læra nye ting for å tilpassa oss behov.

I kraft av å leia dette kompetanseforumet er Hardanger no også del av eit internasjonalt EU prosjekt, Stride 4 Stride.



Stride 4 Stride



earall
EUROPEAN ASSOCIATION OF REGIONAL & LOCAL
AUTHORITIES FOR LIFELONG LEARNING



Co-funded by the
Erasmus+ Programme
of the European Union

Dette internasjonale prosjektet [Stride 4 Stride](#) handlar om kompetanse og utdanning, og er for oss ei forlenging av Samarbeidsarena Hardanger og Voss som me leiar på vegne av VLFK. Eit viktig arbeidsområde for Hardangerrådet, då framtida for vårt distrikt (og andre) er avhengig av å trekkja til oss rett kompetanse.

Korleis skal me få eit flexibelt utdanningssystem som tettar kompetansegap. Det handlar blandt anna om om livslang læring, rett utdanning på rett stad og lærlingeplasser



Lokal kultur - Internasjonal sider

Iceland 
Liechtenstein **Norway**
Norway grants **grants**



Hardangerrådet har lenge heia på og arbeid for at sider får utvikla seg. Blandt anna var Hardangerkonferansen i 2018 via til sider.

Denne søknaden vart sendt i 2018 og er no godkjent og endeleg igang.

Mål er å gjera Hardanger til ein internasjonal anerkjent region for kvalitetssider.

Kva kan og vil sider bety for Hardanger i framtida? I dette internasjonale prosjektet er Hardangerrådet med som representant for regionalt offentleg samarbeid. Kvifor er det så viktig at ein region står samla i utvikling, og kva kunnskap og erfaring kan me dela/henta av å samarbeida med andre regionar.

Prosjektet er 3-årig 2020-2023. Frå Norge er også NIBIO Ullensvang, Hardanger siderprodusentlag og NOFIMA med. [Sjå meir her.](#)

Aktivitet og prosjekt i 2020



Hardanger Miljøfyrtårn-region



Hardanger miljøfyrtårn-region vart oppretta for at Hardangerrådet skulle vera koordinator i Hardanger.

Ordninga er til for å få fokus på miljøvenleg drift og organisering. I 2017 vart ordninga anerkjent av EU, den fyrste i sitt slag. I Hardanger er fleire og fleire bedrifter, organisasjonar/festivalar og kommunehus sertifiserte. Samfunnsoppdraget er klart: Miljøfyrtårn skal hjelpe Norske kommunar og bedrifter til å ta klimaansvar

www.miljofyrtarn.no



Merkevare Hardanger



Dette er ein paraplyprofil med målsetjing å styrkja regionen og omdøme. Vårt mål er å gjera Hardangerlogoen synleg langt utover Hardanger. Prosjektet vart presentert våren 2005 på 1905-markeringa "Streif". Merkevareprofilen skal ikkje erstatta noverande merkenamn og logoar, men forsterka interessa for eit produkt ved tilknytning til namnet Hardanger.

Ta kontakt på post@hardangerraadet.no



Regionalt Etablerarfond Hardanger

Hordaland fylkeskommune oppretta denne tilskotsordninga i 2015, og i 2020 fekk Hardanger også 500.000 til nyetablering frå den nye fylkeskommunen. Det regionale etablerarfondet er eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til nyetablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer og føringar som er lagt i den regionale næringsplanen. [Desse har fått tilskot](#)



Hardangerkonferansen 2020 - avlyst pga korona

Hardangerkonferansen har vore ein årleg møteplass sidan 2006 med aktuelle framtidsetta tema for Hardanger, men i 2020 måtte me til slutt avlysa pga pandemien og korona som herjar i verda.

Hardangerkonferansen 2021 er lagt til Eidfjord 10.-11.november og er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Visit Hardangerfjord, Hordaland Bondelag, vertskommunen Eidfjord, Næringshagen i Ullensvang, Næringshagen i Hardanger, Sparebankstiftinga Hardanger og Hardangerrådet

Aktivitet og prosjekt i 2020



HARDANGER - BERLIN
HARDANGER sin KUNSTNARBUSTAD i BERLIN

Husværet Hardanger-Berlin

Ordninga fortset i 2021 som året før, med små endringar. I 2020 vart det eit nytt arbeidsteam der Eidfjord kommune har overteke leigekontrakta og er ansvarleg for husværet, Hardanger Kunstlag har økonomiansvar og Hardangerrådet er kun hjelpar på kontortenester og utsending av nøklar.

Ordninga starta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet 31.12.2016.

I 2020 fekk denne ordninga kr 100 000 frå ordninga Regionalt kulturfond Hardanger, som naudsynt for å fortsetja i 2021.



Vestland
fylkeskommune

Etablerartenesta i Hardanger



Etablerersenteret

Etablerarteneste si fyrstelinje er det kommunane som har ansvar for.

Etablerarskulen i Hardanger ligg no under Etablersarsenteret i Bergen. Det er fylkeskommunen som eig denne tenesta ilag med kommunane. For meir informasjon og kursoversikt sjå www.etablerasenteret.no



www.nhullensvang.no

**UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP**
• innovatører
• trengs overalt



www.hardangerhagen.no

I Hardanger har me to næringsshagar, Næringsshagen i Ullensvang og Næringsshagen i Hardanger. Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringshage i Hardanger. Næringsshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemder i same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemder. I ein næringshage får små verksemder tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringsshagen skal også vera møteplass for verkemiddelapparat, samarbeidspartnarar og erfaringsutveksling med andre næringsshagar i Noreg. Næringsshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.

Ungt Entreprenørskap (UE) arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenkjing og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet. UE i Hardanger er eit prosjekt drifta frå Næringsshagen i Odda.

For 5.-7.klasse er "Forskarfabrikken" eit sommartilbud også i Hardanger. Det fremjar realfag.

Aktivitet og prosjekt i 2020



Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger var stifta i 1993 av Odda kommune og Tyssefaldene AS, og har som mål å tilby høgskuleundervisning i Hardanger. Næringshagen i Ullensvang administrerar drifta av studiesenteret for stiftinga. Hardanger studiesenter har avdeling i [Odda](#), [Kvam](#) og [Eidfjord](#), og desse kommunane er formelt medlem av [Studiesenteret.no](#). Målet med utviklingsarbeidet til SHiH er å dekke kompetansebehov i privat og offentlig sektor.

www.nhullensvang.no og www.studiesenteret.no



www.hardanger.com



Hardanger sin nettstad er hardanger.com. Ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur. Hardangerrådet på nett er også her.

www.hardanger.com

Kinsarvik 14.01.2021

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Trude L. Rinaldo
Konsulent

